

**Fra:** fylkesarkivet@hfk.no  
**Sendt:** 03.04.2015 12:45:35  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:**

**Emne:** arkivnummer 2015/143. Søknad om driftstilskot til sogelaga.

**Vedlegg:**

Sokjar: Sunnhordland museum  
 epost: Jane@sunnhordland.museum.no  
 Kontaktperson: Jane Jünger  
 Skattekommune: Stord  
 Organisasjonsnummer: 987670509  
 Medlemstal: 700

Budsjett\_soeknadssum: 30.000 kroner

Adresse: Postboks 51, 5401 Stord

Tidsskrift\_publicasjonar: Sunnhordland årbok

Skisse: "Viva basket!" - flettetradisjonar på Vestlandet:

Handverkstradisjonar knytt til fletta produkt finst i alle kulturar verda over. I 2015 ønskjer Sunnhordland museum å løfta desse handverkstradisjonar frå Vestlandet opp og fram, gjennom Sunnhordland årbok.

Sunnhordland museum har dei siste to åra arbeida med prosjektet: «Viva Basket!», som er eit samarbeid mellom to norske partnerar, Sunnhordland museum og Søreskogen i Vindafjord kommune, og ein polsk partner, The Serfenta Association, om å dokumentera flettetradisjonar på Vestlandet og i Polen. Dokumentasjonsprosjektet er finansiert gjennom EØS-midlar, der målet er å dokumentere og ta vare på/vidareføra eldre fletteteknikkar gjennom intervju, foto og film. I Noreg vil dette arbeidet munna ut i ei utstilling som blir vist på Halsnøy kloster og Sunnhordlandstunet på Stord våren 2015, på Jærmuseet hausten 2015 og Hordamuseet og Kaupanger museum i Sogn og fjordane våren 2016. Sunnhordland årbok vil presentera møter med sju tradisjonabærarar frå heile Vestlandet som driv med ulike fletteteknikkar frå sivsko, kipe, tægerbinding, jærstolen, ruser, teiner og korger i ulikt materiale. Boka vil og innehalda ein artikkel som tek for seg flettetradisjonar og materialbruk frå Vestlandet i eit historisk perspektiv. Boka skal både vera eit oppslagsverk om flettetradisjonar/materiale nytta på Vestlandet og eit møte med ulike flettarar der prosessen bak produkta deira er dokumentert med foto slik at denne kunnskapen kan takast opp att av interesserte. Sunnhordland årbok vil i 2015 difor vera ei bok som vil ha interesse i heile Hordaland, og Vestlandet, då det tidlegare er skrive mest ingenting om lokale og regionale flettetradisjonar. Større kunnskap, både immateriell og materiell, om dette viktige tradisjonshandverket er naudsynt for å klara å ta vare på ein kunnskap som no er i ferd med å forsvinna i vår del av verda.

Maal\_framdriftsplan: Mål: Sunnhordland årbok 2015, "Viva Basket!" - flettetradisjonar frå Vestlandet tek mål av seg til å vera ei felles innføring i våre lokale og regionale flettetradisjonar og eit gje spanande møte med viktige tradisjonaberarar som held dette handverket i hevd. Sunnhordland museum ønskjer og å retta fokus mot eit handverk som ikkje i dag er allemannskunne, som det var for berre femti år sidan.

Framdrift: Sunnhordland årbok 2015 er allereie under planlegging og deadline for artklar og foto er 1. august. Boka skal etter planen vera ferdig til 1. november og museet arbeider saman med Kapabel forlag for å trykkja den.

Planlegging\_samarbeidspartner: Sunnhordland museum arbeider saman med Søreskogen gard i Vindafjord, og sosialantropolog Drude Isene om gjennomføringa av boka. Bilete som vil bli nytta har museet fått tilgang til gjennom deltaking i EØS-prosjektet "Viva basket!", der også Serfenta Assosiation i Polen er partner.

Sunnhordland årbok 2015 har ei samla kostnadsramma på 100.000 kroner for produksjon og trykk.

Sammendrag: Sunnhordland årbok 2015 har fått tittelen "Viva Basket!" - flettetradisjonar frå Vestlandet. Boka skal syna tradisjonar knytt til fletting frå Rogaland, Hordaland og Sogn og fjordane, men har størst fokus på Hordaland. I publikasjonen vil ein også få møte fleira av dei viktigaste tradisjonsbærarane frå Vestlandet innan fletting knytt til produkt som kipe, sivsko, åleruser, teiner, tægerbinding, korger og Jærstolen. Det er tidlegare mest ikkje skrive noko om våre vestnorske flettetradisjonar og Sunnhordland museum ønskjer med denne boka å auka kunnskapen om eit viktig tradisjonelt handverk i ei tid då fletting har fått auka merksemd. .